



INTERKOMMUNALT TILSYN

Regelverksamling

Fylkesmannen i Hordaland

4. desember 2008

Forum for Oppvekst i Sunnhordland



Mål:

Å samarbeida om oppgåver som blir løyste betre på regionalt nivå enn på lokalt nivå

Omfang:

FOS omfattar desse kommunane i Sunnhordland:
Bømlo, Etne, Fitjar, Kvinnherad, Stord og Sveio

Organisasjon:

Samarbeidet i FOS blir organisert som ein prosjektorganisasjon med ei styringsgruppe. I tillegg vert det organisert fire ulike leiarfora:

- Grunnskulegruppa
- Barnehagegruppa
- PPT

Styringsgruppa i FOS kan oppretta nye leiarfora etter behov. Dei ulike gruppene kan organisera seg i ulike nettverk.

Kvifor interkommunalt tilsyn ?



“For mange små og mellomstore kommuner kan det være hensiktsmessig med interkommunalt samarbeid om forvaltninga og utøvelsen av kommunens tilsynsansvar etter barnehageloven. Kommuner kan inngå et samarbeid om å utøve tilsyn i hverandres barnehager, for å oppnå en nødvendig forvaltningsmessig distanse. En annen positiv effekt er at kommuner med liten barnehagefaglig kompetanse på kommunenivå får en kompetent og berekraftig teneste:”

kap 3.2.3 i veileder “Tilsyn i barnehager”

Tilsyn - målsetting



Kommunen sin utadretta aktivitetet for å sjå til at lover og forskrifter vert etterlevd - og eventuelle reaksjonar.

- Sikre at regelverket vert følgt gjennom eit fagleg og systematisk tilsyn.
- Prøve ut og sikre kvaliteten på tilsynsverktøyet. (utarbeidd av FOS.)
- Prøve ut ulike modellar for gjennomføring av tilsyn i regionen og evaluere desse.

Systemrevisjon



Tilsynsdokumentet og modellar byggjer på tilsyn som systemrevisjon:

- Ei systemisk undersøking for å fastslå om aktivitet og tilhøyrande resultat er i samsvar med krav fastsett i eller i medhald av lov eller forskrift.*

Systemrevisjon



Dersom det føreligg eit mynde krav som regulerer verksemda, kan tilsynsmynde alltid spørje kva verksemda gjer for å overhalda kravet.

Vi etterspør kva handlingar som vert gjort. Vi undersøker dette i ansvarlinja.

Gjennomgang av kva barnehagen gjer for å ivareta det ansvar og plikter som er fastsett i regelverket.

Det er organisasjonen som er ansvarleg, ikkje dei enkelte tilsette.

Bakgrunn for søknad:



- Med rask utbygging av barnehagesektoren dei siste åra, ser ein at tilsyn er ein stadig viktigare del av kommunen sitt ansvar for å sikre at barnehage tilbudet held ein definert standard
- Kvar kommune har ansvar for å utøve systematisk tilsyn for å sikre at kvaliteten og innhaldet i tilbudet til barna er tilfredstillande.
- Mange av FOS-kommunane er to-nivåkommunar, noko som medfører at barnehagefaglege stillingar i administrasjonen er blitt reduserte eller slått saman med andre fagfelt.
- Oppgåvene knytt til kommunen som barnehagemynde er difor blitt vanskelegare i nokre kommunar. FOS drøfta dette i si barnehagegruppe og kom fram til at vi gjennom samarbeid vil stå fagleg tryggare og sterkare rusta til å utøva det kommunale tilsynet. Interkommunalt tilsyn løyser og kommunar si dobbelrolle som lokalt barnehagemynde og barnehageeigar.

Førebuing av prosjekt



1. Ei samling september 2007 der vi utarbeidde tilsynsdokumentet.
 - Grundig gjennomgang av lovverk, spørsmål og indikatorar.
 - Vi har no behov for å prøve ut tilsynsverktøyet/matrisene vi har utarbeidd, og planlegg å oppretta eit tilsynskorps i regionen samansett av personar med barnehagefagleg/administrativ kompetanse. Oppgåva skal vera å føre tilsyn etter barnehagelova.
2. Ei samling mars 2008 der to av kommunane hadde gjennomført prøvetilsyn etter det utarbeidde tilsynsdokumentet. Vi reviderte dette på bakgrunn av erfaringa dei erverva seg. Fekk fagkompetanse frå FM i Hordaland.
3. Ei samling i september 2008 der vi hadde utprøving av tilsyn gjennom rollespel og praktisk planlegging av tilsyna.


Framdriftsplan for utprøving etter 3 modellar



I prosjektperioden, som varer fram til sommaren 2009, vil vi prøve ut 3 modellar for tilsyn og evaluere desse:

- Plan for tilsyn fordelt på dei 3 ulike modellane med til saman 6 gjennomførte tilsyn. Alle modellar blir dermed utprøvd to gongar.
- Vi har i november gjennomført 1. del av planen (med unntak av modell 3 som er utsett til januar pga av sjukdom) 2. del skal gjennomførast i februar 2009.
- Vi har valgt å gjennomføre tilsyna i to rundar, med litt tid mellom, slik at vi kan gjere nytte av erfaringane i 1. runde.

DEI 3 MODELLANE




1. Tilsynspar frå to ulike kommunar, der ein fører tilsyn i kommunen til ein frå tilsynsparet.
2. Tilsynspar frå to ulike kommunar, der ein fører tilsyn med ein tredje kommune.
3. Tilsynspar frå ein kommune fører tilsyn i ein annan kommune.

Tilsynsgruppera 2008/2009:



Kommunalsjef Asbjørn Skår, Kvinnherad kommune
Pedagogisk leiar Wenche Enes, Kvinnherad kommune
Styrar/fagkoordinator Grete Kjerpeset, Kvinnherad kommune
Styrar/fagkoordinator Reidun Holmedal, Kvinnherad kommune
Pedagogisk konsulent Kristin Skare, Fitjar kommune
Skulesjef Edvin Aase, Fitjar kommune
Styrar, Anne Karin Nilsen, Fitjar kommune
Barnehagekonsulent Sonja Sangolt, Stord kommune
Pedagogisk leiar Trine Hellesfjord, Stord kommune
Leiar kundetorg Liv Erna Stutlien, Stord kommune
Pedagogisk rådgjevar Dagfinn Garnes Johnsen, Etne kommune
Pedagogisk leiar Torhild Molland, Etne kommune
Pedagogisk rådgjevar Trine Kittelsen Qvale, Sveio kommune
Styrar Lise Ingebrigtsen, Sveio kommune
Kommunalsjef Knut Martens, Bømlo kommune
Barnehagefagleg ansvarleg Linda Hellen, Bømlo kommune
Dagleg leiar FOS, Jan Enerstvedt (tilrettelegging og framdrift)



Utarbeidd matriell – så langt:



- Informasjonsbrosjyre
- Tilsynsdokument – spørsmål & indikatorar på barnehagelova sine paragrafar.
 - § 2: Barnehagens innhold
 - § 3: Barns rett til medverkning
 - § 18: Barnehagens øvrige personale
 - § 19: Politiattest
 - § 20: Taushetsplikt
 - § 22: Opplysningsplikt til barnevernstjenesten



Informasjonsbrosjyre



Kvinnherad kommune hadde laga ein informativ og enkel brosjyre som vi bearbeidde til det interkommunale tilsynet.

Innhald i korte trekk:

- » Lovgrunnlag
- » Kommunen si rolle
- » Kort om tilsyn og kvifor tilsyn
- » Plan for tilsyn
- » Gjennomføring av systemtilsyn
- » Gransking av dokument
- » Kort om tilsynsgruppa
- » Tilsynsrapport, oppfølging og rettleiing

Gjennomføring av tilsynet



- Gransking av dokument
- Intervju med personar på ulike nivå i organisasjonen
- Verifikasjon av om rutinar vert følgd slik dei er skildra
- To personar frå tilsynsgruppa deltek under tilsynet. Ein leiar og ein referent. I nokre tilsyn har vi og hatt med observatør.

Tema, varsel og granskingsdokument



Tema for vårt tilsynet er det pedagogiske innholdet i barnehagen, §§ 2, 19 og 20. Fokus på funn i granskingsdokument.

Som ledd i systemrevisjonen ba tilsynsgruppa i varselbrev sendt til barnehagen 1 måned før, om å få tilsendt følgjande dokument i 2 eksemplar som grunnlagsmateriale for tilsynet:

- Gjeldande vedtekter for barnehagen.
- Barnehagen sitt organisasjonskart, eller andre dokument som syner eigartilhøve, ansvar og oppgåver i barnehagen.
- Opplysningar om barnehagen sitt areal, inne og ute.
- Oversyn over barnehagen si bemanning, årsverk og kompetanse. Namneliste med funksjonar.
- Oversyn over barn i barnehagen, - alder og opphaldstid, fordelt på avdelingar.
- Barnehagen sin årsplan og kompetanseplan.
- Årsmelding/årsrapport og/eller evaluering av verksemda.
- Resultat av eventuelle brukarundersøkingar i barnehagen.
- Annan relevant informasjon

Tidsplan – eit eksempel



- **Kl 9.00-9.30** : Synfaring i barnehagen – inne og ute.
- **Kl 9.30-10.00** : Opningsmøte der ein kort orienterer om tilsynet.
- **Kl 10.00-10.30** : Intervju med eigar.
- **Kl 10.40-11.20** : Intervju med styrar.
- **Kl 11.30-11.50** : Pause
- **Kl 11.50-12.20** : Intervju med pedagogisk leiar
- **Kl 12.20-12.50** : Intervju med assistent
- **Kl 12.50-14.30** : Verifikasjon/stadfesting av dei funna som er gjort.
- **Kl 14.30-ca 15.00** : Sluttmøte
- **Kl 15.00-ca 15.15** : Uformell tilbakemelding

I sluttmøtet vil tilsynsgruppa oppsummere tilsynet og legge fram ev avvik og merknader. Alle som er med under tilsynet, må møte på både opningsmøtet og sluttmøtet.

Konklusjonane frå tilsynet blir presentert i ein eigen rapport. Tilsynsrapporten er offentlig.

Det er den einskilde kommune som har ansvar for oppfølging av eventuelle avvik og merknader.

Sjekkliste



Vi utarbeidde:

SJEKKLISTE AV TILSENDT DOKUMENT TILSYN BARNEHAGELOVEN §2 "Barnehagens innhold"

På denne lista er lovkrav til :

- årsplan
- planprosesser i barnehagen
 - krav om råd og utval
 - krav til samarbeid



er lista opp og skal sjekkast ut gjennom granskingsdokumenta på førehand.

Tilsynsdokument – Minstestandard

Eksempel § 2 3.ledd



§2, 3. ledd: Omsorg, oppdragelse og læring i barnehagen skal fremme menneskelig likeverd, likestilling, åndsfrihet, toleranse, helse og forståelse for bærekraftig utvikling. Barnehagen skal gi barn muligheter for lek, livsutfoldelse og meningsfylte opplevelser og aktiviteter i trygge og samtidig utfordrende omgivelser.

Minstestandard:

- Barnehagen skal kunna synleggjera gjennom årsplanen korleis fellesverdiane vert fremja og ivareteke gjennom omsorg, oppdragelse, lek og læring.
- Godkjend leikeutstyr ute og inne.
- Gjeldande norm for leike- og opphaldsareal vert ivareteken.
- Uteområdet i barnehagen skal vera sikra etter gjeldande bestemmelser.

Tilsynsdokument – spørsmål & indikatorar Eksempel §2, 3. ledd




	SPØRSMÅL	INDIKATORAR	AVVIK/ MERKNAD
EIGAR	Korleis sikrar du deg at kravet om minstestandard ivareteken?	Godkjend årsplan Godkjend leikeutstyr ute og inne Vernerundar Internkontroll	
STYRAR	Korleis vert kravet om omsorg, oppdraging og læring ivareteke i barnehagen? På kva måte synleggjer de dette? Kva rutinar har barnehagen for å sikra at leike- og opphaldsareal ute og inne er sikra etter gjeldande forskrift?	Årsplanen Personalmøte Interkontroll system Planarbeid Leiarmøte Dokumentasjon/oppfølging av planar Prosedyrar	

Tilsynsdokument – spørsmål & indikatorar Eksempel §2, 3. ledd



	SPØRSMÅL	INDIKATORAR	AVVIK/ MERKNAD
PEDAGOGISK- LEIAR	<p>Korleis vert kravet om omsorg, oppdraging og læring ivareteke i barnehagen?</p> <p>Er det nokre aktivitetar i barnehagen som er med på å fremja fellesverdiane?</p>	<p>Avdelingsårsplanen</p> <p>Hente- bringe situasjonen</p> <p>Observasjon/refleksjon</p> <p>Foreldresamarbeid</p> <p>Avdelingsmøter</p> <p>IK-rutinar/prosedyrar</p>	
ASSISTENT	<p>Korleis jobbar du med omsorg, oppdraging og læring i barnehagen?</p> <p>Er det nokre aktivitetar i barnehagen som er med på å fremja fellesverdiane som er lista opp ovanfor?</p> <p>Kva gjer du viss du oppdagar feil på leikeutstyr eller sikkerhetsutstyr ?</p>	<p>Avdelingsårsplanen</p> <p>Hente- bringe situasjonen</p> <p>Observasjon/refleksjon</p> <p>Foreldresamarbeid</p> <p>Avdelingsmøter</p> <p>IK-rutinar/prosedyrar</p>	

Rapport



Tilsynsrapporten blir skrevet med følgende innhold:

1. Innleiing
2. Dokumentunderlag
3. Avvik
4. Merknader
5. Andre forhold
6. Gjennomføring

Tilbakemelding frå ein barnehage:



- *"Me var nok alle litt nervøse då me ikkje heilt var klar over kva tilsynet gjekk ut på. § 2 i bhg.lova er jo omfattande. Tilbakemeldingane frå dei som deltok i inervjurunden seier at de verka avslappa, og dette smitta over slik at nervøsiteten slapp taket."*
- *"Det var god struktur på møtet, de var god på å hanke oss inn dersom me kom på "vide vanker". Oppsummeringa vår etter at de forlot oss, viste at det var ei klår deling i spørsmåla til dei ulike involverte."*
- *"Enkelte innleiingar og forklaringar var noko omfattande, og ikkje heilt klar på kva ein meinte. Då siktar eg særleg til opninga av sluttmøtet. Ei stund hadde eg nok ein klump i magen og lurte på "kva gale eg/me hadde gjort/gjorde"*
- *"Ei oppsummering rett etter sluttmøtet var kjempebra. Spenninga gjennom dagen slapp litt taket, og me kunne ta helg med "godt hjarta"*

Evaluering av modell 1 & 2



Modell 1: 1 fagperson frå tilsynskommunen og 1 frå annan kommune

- + Godt med ulike fagbakgrunn/stillingar som tilsynsførarar
- + Fordel med ein som kjende kommunen.
- Litt tungvint med forarbeidet – logistikk
- Praktisk litt vanskeleg – lang fysisk avstand mellom tilsynsførarane



Modell 2: 2 fagpersonar frå 2 ulike kommunar fører tilsyn i ein tredje kommune

- + Fordel med at ein ikkje kjenner barnehagen frå før, ingen dobbeltroller.
Kjensle av "nødvendig forvaltningsmessig distanse"
- + God modell – læringseffekt (vi hjelper kvarandre)
- Litt tungvint med forarbeidet – logistikk
- Praktisk litt vanskeleg – lang fysisk avstand mellom tilsynsførarane og tilsynskommune.

Vegen vidare



- Modell 3 gjenstår for gjennomføring. Vi skal gjennomføre ny runde i februar, før vi kjem med konklusjonar i ein sluttrapport.
- Vi meiner å ha utarbeidd eit hensiktsmessig tilsynsdokument som fungerer godt i praksis - men som enno har utviklingspotensiale.

Oppsummering



- Våre kommunar vil gjennomføre deler av dei kommunale tilsyna - interkommunalt.
- Tilsynsbehovet varierer frå kommune til kommune.
- Med vårt breitt samansette tilsynskorps, vil våre kommunar kunne bestille eit eksternt og nøytralt tilsynspar, til å utøve tilsyn.
- Vi har ei utfordring når det gjeld "rettferdig" fordeling av oppgåver og ressursar. Dette skal vi sjå nærare på – og vil lage eit system der vi fordeler tidsbruk i tråd med storleik og barnehagetal i kommunane våre.

FOS si heimeside:



For malar og meir info på FOS si heimeside:

<http://www.fos-sunnh.no/pages/forsida.php>

Takk for oss !